



ÅRSMELDING FOR HORDALAND NEI TIL EU 2018

Innleiing

Hordaland Nei til EU er eit aktivt fylkeslag innanfor kamporganisasjonen Nei til EU. Fylkeslaget vedtek gjennom arbeidsplanen kva aktivitetar styret ønskjer å gjennomføra i løpet av året. Fylkeslaget har eit aktivt styre som møtes stort sett månadleg. Styremøta handsamar vanlege styresaker samt utarbeider planar for aktivitetar som studiesirkklar, opne seminar, deltaking på andre aktivitetar i regi av Nei til EU eller andre aktuelle organisasjonar. I tillegg til eigen vedteken arbeidsplan, er den overordna arbeidsplanen til Nei til EU, vedteken på Landsmøtet, eit viktig utgangspunkt for aktivitetar. Styret har medlemmer som møter på fylkesleiar møte, rådsmøte, i kontrollkomiteen, samt på andre aktivitetar både lokalt og sentralt. Denne årsmeldinga tar for seg arbeidet i fylkeslaget i 2018, og vil i tillegg ha eit kort slutt-kapittel om viktig arbeid i 2019 så langt.

Styret

Styret, vald på årsmøte 2. mars 2018, har hatt følgjande samansetjing:

Leiar	Gunnar Rutle
Nestleiar og fylkessekretær	Toril Mongstad
Styremedlem	Jorunn Skistad Holsen

Desse tre har også utgjort fylkesstyret sitt AU (arbeidsutvalet)

Styremedlem og kasserar	Hildur Straume
Styremedlem	Oddvar Skre
Styremedlem	Sigmund Simmenes
Styremedlem	Ivan Tubez

Vararepresentant	John Dale
Vararepresentant	Geir Ove Hopsdal
Vararepresentant og kvinnekontakt	Anna Nordlund
Vararepresentant og rekneskapsfører	Frode Mannsåker

Ungdom mot EU har hatt høve til å møta med ein representant i fylkesstyret i 2018, men ingen har møtt på dei ordinære styremøta.

Aktivitetar i fylkesstyret

Det har vore i alt 9 styremøte i perioden. AU har i tillegg kommunisert på e-post i saker som har gjort krav på det. Styret har også hatt eit styreseminar i perioden, det fann stad 13.

september.

Etter siste styremøte i november, hadde styret den tradisjonelle lutefiskmiddagen saman.

I mai hadde styret møte med representantar frå Ungdom Mot EU, og Studentar Mot EU.

I tillegg til dette har styremedlemmene delteke i ulike aktivitetar i eigen regi, og i regi av Nei til EU sentralt. Styret har også vore representert på årsmøte i ulike organisasjonar og parti. Deltaking her har vore ut frå samanfallande interesse og for å informera om eigne saker i form av helsingar, stands og utdeling av materiell. Styret vert også invitert til å delta i møte som andre organisasjonar arrangerer, og når tilhøva ligg til rette for det, prøver me å vera representerte på slike møte.

Medlemsutvikling

Hordaland Nei til EU hadde 1971 registrerte medlemmer av desse var det 1788 betalande medlemmer pr 31.12.2018, mot 1736 året før. Dette syner ein gledeleg auke i talet på medlemmer. Vervearbeidet vert omtala seinare i årsmelding.

Medlemsutvikling i Hordaland Nei til EU

År	Talet på betalande medlemmer
2018	1788
2017	1736
2016	1866
2015	1808
2014	1822
2013	1945
2012	2031
2011	2110

Medlemsutviklinga på landsbasis Nei til EU

2018	20845
2017	20707
2016	22517
2015	23183
2014	24118
2013	25812
2012	27332
2011	28524

Aktivitetar i eigen regi

Studiesirklar.

Første studiesirkel vart avvikla i januar – mars 2018, der seminaret den 21. februar utgjorde ein av møta i studiearbeidet. Tema i dette studiearbeidet var: 25 år med EØS – EØS-avtalens prinsipp og institusjoner. Konsekvensar for økonomi, fiskeri, distriktpolitikk, samferdsel, miljø, helse og mattryggleik.

I tida september – november vart den andre studiesirkelen avvikla, også i den var eit av møta eit ope seminar. Denne studiesirkelen hadde tema: demokrati og sjølvstyre relatert til EU og EØS.

Det var godt frammøte på desse aktivitetane.

Opne seminar:

21. februar, auditoriet Bergen Offentlige Bibliotek Tema:
EU sin energiunion, ACER (energibyrået).

Desse hadde innleiingar:

Hallvard Haukeland Fredrikson (professor i juss, UiB)

Ommund Stokka (Industri – Energi)

Arne Byrkjeflot (Nei til EU)

Erling Solvang (Naturvernforbundet)

11. september, Kantina i Bergen Rådhus.

Tema: Demokrati og folkestyre. Byråa i EU, Jernbanedirektivet og ACER.

Desse hadde innleiingar:

John Dale (Hordaland Nei til EU)

Janne Lisesdattar Håkonsson (tillitsvald i Lokmannsforbundet) Jan
Steinholt (Nei til EU).

Seminar 3. mars, Park Hotell Vossevangen (årsmøteseminar) Tema
var:

EU/EØS og demokratiet, her held John Dale innleiinga ACER,
Toril Mongstad hadde innleiinga.

Årsmøtet 2. mars.

Årsmøtet vart halde på Voss, Park Hotel Vossevangen.

Stands- og verve-verksemd gjennom året

For å formidla kunnskap, informasjon og for å verva medlemmer, vart det arrangert stands i Bergen og i Nordhordland både vår og haust. Dette skjer i samarbeid med Bergen Nei til EU. I tillegg til desse to stadene, vart det arrangert reise til Odda 15. februar, der fire frå fylkesstyret og ei frå Bergensstyret deltok på standsaktivitet og folkemøte i samband med kampanjen mot ACER. I forkant av årsmøtet på Voss, vart det arrangert stand der på eit kjøpesenter.

Det har vore ein stor innsats på gjenverving gjennom året, noko som har gjeve gode resultat. I tillegg gav ACER-kampanjen mange nye medlemmer. Fleire saker knyta til EØS-avtala har gjort Nei-saka vind i segla, og me ser at fleire ønskjer å støtta kampen, mellom anna ved å vera medlem i organisasjonen. 17. mars sto Frode Aase-Nilsen, Åse Simonsen og Rose Maiken Flatmo på stand framføre Bergen Kongress-senter og delte ut Brevet "Kvar ligg lojaliteten din?" til AP-delegatar på veg inn til fylkesårsmøte i Hordaland AP. Det hjelpte diverre ikkje på resultatet av ACER-avstemminga deira. 11. oktober hadde Bergen NtEU ein ekstra standsaksjon ved Jernbanen i Bergen/Nonneseter bybanestopp mot Jernbanepakk IV. Ganske mange delte på å stå på stand denne dagen.

Deltaking i aktivitetar i regi av Nei til EU sentralt

Landsmøte.

Det vart arrangert landsmøte i Sarpsborg, 9. – 11. november. Her deltok Gunnar, Toril, Sigmund, Oddvar, Anna, samt Tor Sander som er leiar i Bergen Nei til EU og Rose Maiken Flatmo (tidlegare styremedlem). Hildur møtte for Kontrollkomiteen, og var dessutan varadelegat siste landsmøte-dag.

Rådsmøte

Det vart halde Rådsmøte i Oslo 7. og 8. april. Gunnar deltok. Hildur møtte for Kontrollkomiteen.

Fylkesleiarmøte

Det har vore éi fylkesleiarsamling i Oslo, 28. septemer, der Gunnar og Toril deltok. I tillegg har det vore fleire fylkesleiarmøte pr telefon, Gunnar og Toril har veksla på å delta på desse.

Nasjonal fagleg konferanse

Det vart arrangert ein større nasjonal konferanse i Oslo i dagane 8. og 9. november. Gunnar, Toril og Tor Sander deltok. Ulike tema sto på dagsorden, mellom dei Hjelmengutvalget sin rapport, transport og mobilitetsspakke, samt saka om reise, kost og losji.

Kvinnekonferanse 27. og 28. oktober.

Denne vart arrangert i Oslo. Anna, Jane Nordlund og Marit Ørstad (dei to siste frå Bergensstyret), deltok.

Landbrukskonferanse 27. september.

Toril deltok på denne.

Standpunkt

Toril har vore i redaksjonen i Standpunkt, Nei til EU si medlemsavis. I Standpunkt nr 1-2019, vart Hordalandsstyret presentert over 2 sider.

Kontrollkomitéen i Nei til EU

Hildur er medlem i NtEUs kontrollkomité. Hildur møtt på rådsmøtet og på landsmøtet. Komiteen har elles hatt kontakt og sakshandsaming på e-post.

Fondsstyret i Nei til EU

Hildur set i styret i kampfondet (kampfond til bruk ved ein eventuell ny folkeavstemming om tilknytingsform vår til EU). Fondstyret har ikkje hatt møte i 2018.

Kvinneutvalet i Nei til EU

Anna er kvinnekontakt i styret. Anna er også nå oppnemnt til medlem i NtEU sitt kvinneutval.

Deltaking i aktivitetar i regi av andre.

Trondheimskonferansen 2018 – 26. – 28. januar.

Gunnar, Toril, Oddvar og Rose Maiken Flatmo (Rose representerte Fellesforbundet) deltok.

Utover dette har ulike medlemmer av styret delteke i følgjande tilstellingar:

- Hordaland Senterparti, årsmøte 16. – 17. februar. Toril deltok og held helsingstale til årsmøtet
- LO Bergen arrangerte møte om ACER 28. februar. Toril møtte på dette arrangementet.
- Rødt Hordaland, årsmøte og seminar 10. - 11. mars 2018. Toril deltok.
- 8. mars-arrangement. Fleire møtte frå fylkesstyret og Bergensstyret. Toril og Oddvar bar parolen: Kjerringer mot at EU skal styre strømmen.
- Bergen Nei til EU, årsmøte 5. april. Fleire fylkesstyremedlemmer møtte.
- Lokalhistorisk arkiv, årsmøte 24. april. Sigmund deltok.

- 1. mai-arrangement. Fleire frå fylkesstyret deltok.
- Bergen AP, møte om Energi for framtida, 7. mai. Gunnar og Hildur deltok.
- Studieforbundet Næring og Samfunn. Årsmøte 29. mai. Jorunn og Oddvar deltok.
- Kurs i kommunikasjon, 26. oktober i Oslo, regi Nei til EU sentralt. Hildur deltok.

Økonomi

Rekneskapen for 2018 vart ført av Frode Mannsåker, med Hildur som kasserar og økonomiansvarleg. Rekneskapen syner er eit overskot på kr 78.229.-, og ein eigenkapital på kr 758.752.-. Me har god økonomi i Hordaland. Det kjem seg i første rekke av at me har få lokallag som oppfyller krava til å få kontingentrefusjon. Difor betaler me og inntil vidare m.a. for lokale tillitsvalde si deltaking på sentrale arrangement og andre kurs og konferansar.

UD-prosjekt 2018

Fylkeslaget søkte også i 2018 om UD-midlar, og me fekk ei løyving på kr 60.000,- til prosjektet Handel og samarbeid med og utan EØS-avtalen.

Kontor / lager

Hordaland Nei til EU leigar framleis lagerplass hos Raudt Hordaland i Hans Tanksgate. Det har fungert greitt.

Organisasjon

Det har i 2018 vore tre aktive lokallag i Hordaland: Askøy, Bergen og Ullensvang. I tillegg har fylkesstyret hatt kontakt med fleire av kontaktpersonene i kommunar som ikkje har eige lag. Me har ikkje fått fleire aktive lokallag i 2018, men det vert arbeidd med å skipa lokallag på Osterøy og i Lindås.

Pressemeldingar/lesarbrev

Me har hatt lesarinnlegg i Bergens Tidende og i nokre lokalaviser, i første halvår særleg knytt til kampanjen mot ACER. Uttalar frå fylkesårsmøtet vart sendt til lokalaviser i fylket, me har diverre ikkje oversyn over kor mange av desse som kom på trykk.

Media, debatt og heimesida vår

Hordaland Nei til EU har ei aktiv og oppegåande nettside og er også aktiv på andre sosiale mediar. Alle arrangement vert marknadsført på Facebook i tillegg til på nettsida. Etter sommaren har me også byrja å marknadsføra stands som hendingar (events) på Facebook. Gunnar og Hildur vedlikeheld nettsida og Anna og Hildur har ansvar for Facebook-sida.

2019 – så langt

Styret er godt i gang med å planleggja aktivitetar som studiesirkel, opne seminar og valkampstrategi. Me ønskjer å vera synlege i valkampen fram mot kommune- og fylkestingsvalet i september. Eit særst viktig arbeid er å utvikla samarbeidet med fagrørsla for å få kampfeller i den viktige kampen mot EØS-avtala. Vidare vil me arbeida meir med temaet demokrati, folkestyre og maktfordelingsprinsippet.

Styret vil også fokusera mykje på framleis auke i medlemstalet.

Også i år har me vore på Trondheimskonferansen, der EØS sto sentralt på programmet.

Gunnar, Toril, Ivan, Anna og Tor Sander, (leiar i Bergen Nei til EU), deltok. Det er aukande motstand mot EØS i fagrørsla.